

Prosjekt el-sykkel på Voss

Sykkelgruppa sitt oppdrag var å utarbeide kart for hovudnett for sykkel i Voss. Dette skal ligge som vedlegg til komande kommuneplan. Gjennom dette arbeidet vart vi inspirert til å starte ein kampanje for å få vossingane til å sykle meir.

Det vart bestemt å kjøpe inn to el-syklar for utlån. Ein dame- og ein herresykkel.

Vi søkte informasjon og råd hos sportshandlarar på Vangen. Og tre av dei kom med tilbod på el-syklar med tilhøyrande utstyr. Det var også viktig at dei kunne ta seg av det praktiske med utlån og enkelt vedlikehald gjennom sommarhalvåret.

Tilboda var nokså like, og oppgåva gjekk til Endeve sport, som har eiga sykkelavdeling i Uttrågata.

Vi inviterte Voss energi med på eit spleiselag, og dei deltok med 20.000,-. I tillegg søkte vi om midlar frå Hordaland fylkeskommune, og fekk 30.000,-.

Lånarane måtte betale eit depositum på 1000,- kroner – som dei fekk att når dei leverte sykkelen tilbake.

Vi annonserte tilbodet i lokalavisa og på kommunen si nettside. Inviterte folk til å skrive seg på liste for og prøveøyre el-sykkel ei veke.

Topografien på Voss innbyr til el-sykkel, og vossingane sto nær sagt i kø for å prøve. Dette vart ein suksess!

Takka vere lagleg vår har utlånssesongen vart til ut i desember. Syklane var til utlån i 26 veker, noko som betyr at over 50 vossingar har sykla rundt på el-sykkel.

Og dei som har teke seg av utlånet har fått masse positive tilbakemeldingar frå dei som nytta seg av tilbodet. I tillegg til at dei har også fått førespurnad frå turistar som gjerne ville hatt eit slikt tilbod på Vangen. Dette vil vi bringe vidare til Destinasjon Voss som også har sykkelutleige.

Det som skjer vidare med syklane er at dei vert utstyrt med piggdekk og plassert i Servicetorget i kommunen, slik at tilsette kan nytte dei til mindre ærend i sentrum.

Dette har i det heile vore eit positivt prosjekt som mange har nytta seg av. Og vi må vurdere korleis vi kan ta det vidare. Prosjektet viser at det kan gjerast positive tiltak for relativt lite pengar.

Sykkelgruppa Voss kommune:

Sigbjørn Hauge, varaordfører, Jørgen Steensæth, vegplanleggar, Nils Helge Kvamme, folkehelsekoordinator, Magnhild Gjengedal, landskapsplanleggar og Jostein Vandaskog, Statens vegvesen